



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet
Møtedato:	29.01.2026
Møtetid:	09:00 - -14:45
Møtestad:	Kommunehuset, Sætremarka 2, Møterom Børilden

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Morten Sognnes	ordfører	H	
Per Lerøy	varaordfører	AP	
Hege Ramsland	medlem	H	
Ann Kristin Leirvåg	medlem	AP	
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	medlem	SP	Fråværande i OS 2 og 3, og PS 6, 7, 8

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Reidar Øksnes		SP	Med i sakene OS 2 og 3, og PS 6, 7, 8

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Ketil Tjore	møtesekretær
Britt Mary Skaalevik Lerøy	kommunedirektør
Odd Harald Dommersnes	økonomi- og HR sjef
Asbjørn Nagell Toft	plansjef

Møteprotokollen vert publisert på kommunen si nettside. Den er mellombels godkjent av utvalsleiar eller ordførar i etterkant av møtet, og vert endeleg godkjent i neste møte.

Ketil Tjore

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 2/2026	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 3/2026	Godkjenning av møteprotokollar frå 27. november 2025	
PS 4/2026	Referatsaker	
RS 1/2026	Skatteoversikt 2025	
RS 2/2026	NOU - Bærekraftig kommunesektor	
PS 5/2026	Delegerte vedtak formannskapet - med journaldato 20.11.2025 til 19.01.2026	
OS 1/2026	Orienteringar frå kommunedirektøren - FS 29. januar 2026	
OS 2/2026	Orienteringar frå ordførar - FS 29. januar 2026	
PS 6/2026	Lokal forskrift for VA-gebyr i Austrheim kommune - etter høyring	
PS 7/2026	Val av kontrollutval for det resterande av perioden 2023-2027	
PS 8/2026	Søknad om permisjon frå kommunestyret - Reidar Ulvøy (Ap)	
OS 3/2026	Orientering om avvikande vedtak i Gulen kommunestyre om NGIR sin selskapsavtale	

PS 2/2026 Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent.

Sak 2/2026 Godkjenning av innkalling og sakliste
Formannskapet - 29.01.2026

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 2/2026 Godkjenning av innkalling og sakliste
Formannskapet - 29.01.2026

Innkalling og sakliste vert godkjent.

PS 3/2026 Godkjenning av møteprotokollar frå 27. november 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Møteprotokollar frå 27. november blir godkjende

Sak 3/2026 Godkjenning av møteprotokollar frå 27. november 2025
Formannskapet - 29.01.2026

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 3/2026 Godkjenning av møteprotokollar frå 27. november 2025
Formannskapet - 29.01.2026

Møteprotokollar frå 27. november blei godkjende.

PS 4/2026 Referatsaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Formannskapet tek referatsakene til vitande.

Sak 4/2026 Referatsaker
Formannskapet - 29.01.2026

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 4/2026 Referatsaker
Formannskapet - 29.01.2026

Formannskapet tek referatsakene til vitande.

RS 1/2026 Skatteoversikt 2025

RS 2/2026 NOU - Bærekraftig kommunesektor

PS 5/2026 Delegerte vedtak formannskapet - med journaldato
20.11.2025 til 19.01.2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Formannskapet tar dei delegerte vedtaka til vitande.

Sak 5/2026 Delegerte vedtak formannskapet - med journaldato 20.11.2025 til 19.01.2026
Formannskapet - 29.01.2026

Handsaming:

Plansjef Asbjørn Nagell Toft orienterte om dei delegerte vedtaka.

- I samband med byggjeløyve i Sjødalshaugen etterlyste Per Lerøy (Ap) om kapasiteten er god nok i avlaupssystemet, og om ein eventuelt kjem i gang med utbetringar av dette. VA-ingeniør Bjørn Størkersen svara at Lerøy at kommunen no avventar utfallet i Markhus-konkursen for å sjå kva avtalar som vert ståande for Kystlandsbyen og korleis dette kan løysast.
- Per Lerøy (Ap) etterspurte at administrasjonen legg fram ei sak til politisk for korleis utbygging av VA-anlegg i Kystlandsbyen kan komma i gang, med ulike alternativ. Situasjonen i dag er av kloakken kjem opp i sluket for ein del bustader i området.
- Morten Sognnes (H) viste til at det har vore møter med Kystlandsbyen, der er det ikkje avklaringar enno.
- Plansjef Asbjørn Toft sa at det ikkje blir gitt byggjeløyve utan at VA avklarar at kapasiteten på VA-nettet er på plass.
- VA-ingeniør Bjørn Størkersen sa at det er problem med kapasiteten på pumpestasjonen i Åråsvågen når det er mykje regn. Taknedløpa på Nordliheimen er tilkople avlaupsnettet, slik vart det gjort då heimen vart bygd. Vil ikkje gjera noko med dette no før ein ev. skal gjera noko med Nordliheimen.
- Plansjef Asbjørn Toft sa at regelverket seier at tilkoplingsavgifta skal sendast ut når det vert søkt, men her har ein faktisk venta halvanna år med å senda desse avgiftene

- Morten Sognnes (H) sa seg samd i at ein må ha ein plan for utbygginga av VA i Åråsvågen, men må sjå kva som kjem ut av dialogen kring Kystlandsbyen AS.
- Reidar Øksnes (Sp) sa at det bør avklarast så tidleg som mogleg kva som bør gjerast, slik at ein unngår å måtta ta løysingar i siste liten som kan vera kostbare.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 5/2026 Delegerte vedtak formannskapet - med journaldato 20.11.2025 til 19.01.2026

Formannskapet - 29.01.2026

Formannskapet tok dei delegerte vedtaka til vitande.

OS 1/2026 Orienteringar frå kommunedirektøren - FS 29. januar 2026

Sak 1/2026 Orienteringar frå kommunedirektøren - FS 29. januar 2026

Formannskapet - 29.01.2026

Handsaming:

Håvard Rød, rådgjevar ved Statsforvaltaren i Vestland, presentere tal for inntektene til kommunen. Presentasjonen ligg ved referatet.

Det var semje i formannskapet om å reisa til Finansdepartementet for å argumentera for at kommunen kjem dårleg ut av endringane i inntektssystemet. I forkant av dette skal administrasjonen og formannskapet saman sjå på dei endringane som er gjort i perioden 2017 til 2025.

Karl Johannes Romarheim, brannsjef i Nordhordland brann og redning, orienterte om arbeidet deira. Presentasjonen ligg ved referatet.

Kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy orienterte om at arbeidet er i gang med bemanningskartlegging, som skal vera grunnlag for omstilling/nedbemanning.

- Har hatt møte med tillitsvalde og verneombod kring dette.
- Skal sjå til at det er openheit rundt prosessen, og alt skjer i henhold til eigne reglement, samt Arbeidsmiljølova.

- Er rundt på einingane og orienterer om at det må reduserast i bemanninga.
- Einingsleiarar kartlegg kva bemanning som trengs for å drifta einingane, og må sjå dette opp mot dagens bemanning.
- Vakante stillingar står ledige inntil vidare.
- Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes supplerte med kva omstillingsdokumentet seier om dette, "Omstillingsdokument Versjon 1.2. Vedteke 15.02.2024", ligg i Kvalitetssystemet (Intranett)
 - Ikkje masseoppseiing (då er det over 10 årsverk), i alt er det tale om å kutta 7-8 årsverk.
 - Ser på vakansar, naturleg avgang, i siste runde oppseiingar.
 - Reduksjonane er i tråd med dei rammene som ligg i budsjettet
- Per Lerøy (Ap) ber om at ein ikkje avlyser møte i administrasjonsutvalet (var sett opp møte 29. januar) når det skal nedbemannast, det er ein møteplass for tillitsvalde og folkevalde.
- Per Lerøy (Ap) spurte om grunnlaget for å seia 7-8 stillingar, som er meir enn det som var signalisert i 2025 for reduksjon av talet tilsette. Det var diskutert litt rundt grunnlaget for nedbemanning, og det vart vist til at økonomien har endra seg mykje gjennom 2025 (og vidare), og at grunnlaget for talet 7-8 stillingar er rammene som samrøystes vedteke i budsjettet for 2026.

Kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy orienterte om status for arbeidet med inkludering av flyktningar.

- Tar i mot 10 flyktningar frå Ukraina i 2026. Skal jobba meir med å inkludera desse i arbeidslivet.
- Har starta dialog med Nav om jobbsøkarkurs for flyktningar.
- Kommunen har dette med seg i arbeidet med å henta inn sommarvikarar 2026.
- Skal orientera formannskapet om korleis sysselsettingsgraden er for flyktningar som Austrheim har teke i mot.

Status investeringar og prosjekt.

- Dette punktet kjem i kommunestyret 19. februar.

HR- og økonomi-sjef Odd Harald Dommersnes orienterte om status for sjukefråvær og personal.

- 266,32 årsverk i budsjett for 2025, faktisk utlønna er 262,92 årsverk, fordelt på 380 tilsette ved utgangen av 2025.
- Sjukefråværet i snitt 8,1 for heile kommunen i snitt.

- Ser at det frå hausten 2025 til no er ein auke i korttidsfråværet, dette er oppe i 3,3 prosent, medan langtidsfråværet er 4,8 prosent.
- Har lukkast med å få ned sjukefråværet i barnehagane, der det var høgt historisk.

HR- og økonomi-sjef Odd Harald Dommersnes orienterte om økonomi, førebels rekneskap 2025

- Eigen presentasjon om pensjonsutgifter, ligg ved referatet frå møtet.
- Har overforbruk på løn i 2025 på 610 000 kroner, det er ei stor forbetring frå 11,5 millionar i 2024.
- Stor auke på sosiale utgifter.
- Stor auke på husleige, så store utgifter at kommunen kanskje må vurdere å bygga/kjøpa bustader sjølv.
- Ser at det er vedlikehaldsetterslep på bygg/anlegg mm.
- Det er behov for å ha buffer for å halda unna for uføresette utgifter. Underskota i 2024 og 2025 har til saman tatt ut 20 millionar kroner av den bufferen kommunen har.
- Tal ansatte er redusert dei siste åra.
- Resultatet er per no eit meirforbruk på 10 490 000 kroner.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 1/2026 Orienteringar frå kommunedirektøren - FS 29. januar 2026
Formannskapet - 29.01.2026

Formannskapet tok orienteringane til vitande.

OS 2/2026 Orienteringar frå ordførar - FS 29. januar 2026

Sak 2/2026 Orienteringar frå ordførar - FS 29. januar 2026

Formannskapet - 29.01.2026

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes (H) orienterte om dialog med Vestland fylkeskommune om ny vidaregåande skule.

- Fylket ser på to alternativ, begge i Mastrevik.
- Endeleg vedtak på fylket er utsett frå mars 2026 til juni 2026, for å få tid til å gjera dei undersøkingar som skal til. Saka kjem opp i fylkesutvalet i mai og fylkestinget i juni 2026.
- Per Lerøy (Ap) supplerte med at det er ein god dialog med både fylket og fylkespolitikarane. Intensjonen til fylket er å starta bygging i 2028 og vera ferdig i 2030.

Ordførar Morten Sognnes (H) orienterte om synfaring av datsenterprosjekt utanfor Hamar.

- Fleire frå politisk og administrasjon var i januar på synfaring på Hamar, der det er bygd eit større datasenter. Eit slik prosjekt vil gje sysselsetting både under bygging og drift.
- Om ein hadde fått til ei etablering i nærleiken av Mongstad blir det med sjøvasskjøling, ikkje luftkjøling som enkelte andre stader.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 2/2026 Orienteringar frå ordførar - FS 29. januar 2026

Formannskapet - 29.01.2026

Formannskapet tok orienteringane til vitande.

PS 6/2026 Lokal forskrift for VA-gebyr i Austrheim kommune - etter høyring

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek *Lokal forskrift for VA-gebyr i Austrheim kommune* slik ho ligg føre i revidert forslag.

Sak 6/2026 Lokal forskrift for VA-gebyr i Austrheim kommune - etter høyring
Formannskapet - 29.01.2026

Handsaming:

VA-ingeniør Bjørn Størkersen orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Reidar Øksnes (Sp) spurte om dei som har vassmålar, her svara Størkersen at dei som har målar skal få behalda denne i 8 år.

Legg opp til eit ekstra formannskapsmøte 19. februar i forkant av kommunestyret den dagen, for å få ha klar dei nye prisane for VA. Desse vart viste for formannskapet, men skal kontrollreknast av Kapital Kontroll og av administrasjonen før det går ut.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 6/2026 Lokal forskrift for VA-gebyr i Austrheim kommune - etter høyring
Formannskapet - 29.01.2026

Kommunestyret vedtek *Lokal forskrift for VA-gebyr i Austrheim kommune* slik ho ligg føre i revidert forslag.

PS 7/2026 Val av kontrollutval for det resterande av perioden 2023-2027

Valutvalet sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vel nytt kontrollutval, for resten av perioden 2023 til 2027:

Fast representant: Vararepresentant som er personleg vara:

Jan Erik Espelid (SL) - leiar Tore Svendsen (SL)

Sjur Brandtun (Ap) - nestleiar Kristian Semmingsen Lerøy (Ap)

Therese Vik (INP) Kari Anne Fadnes (INP)

Joakim Haglund (Sp) Inger Turid Øksnes (Sp)

Oskar Nordgard (H) Stig Anders Totland (H)

Sak 7/2026 Val av kontrollutval for det resterande av perioden 2023-2027

Formannskapet - 29.01.2026

Handsaming:

Sakshandsamar Ketil Tjore gjorde greie for saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for valstyret sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 7/2026 Val av kontrollutval for det resterande av perioden 2023-2027

Formannskapet - 29.01.2026

Kommunestyret vel nytt kontrollutval, for resten av perioden 2023 til 2027:

Fast:	Vara som er personleg vara:
Jan Erik Espelid (SL) - leiar	Tore Svendsen (SL)
Sjur Brandtun (Ap) - nestleiar	Kristian Semmingsen Lerøy (Ap)

Therese Vik (INP)	Kari Anne Fadnes (INP)
Joakim Haglund (Sp)	Inger Turid Øksnes (Sp)
Oskar Nordgard (H)	Stig Anders Totland (H)

PS 8/2026 Søknad om permisjon frå kommunestyret - Reidar Ulvøy (Ap)

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Reidar Ulvøy (Ap) får permisjon frå kommunestyret som søkt om, ut juni 2026.

Sak 8/2026 Søknad om permisjon frå kommunestyret - Reidar Ulvøy (Ap)

Formannskapet - 29.01.2026

Handsaming:

Sakshandsamar Ketil Tjore gjorde greie for saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 8/2026 Søknad om permisjon frå kommunestyret - Reidar Ulvøy (Ap)

Formannskapet - 29.01.2026

Reidar Ulvøy (Ap) får permisjon frå kommunestyret som søkt om, ut juni 2026.

OS 3/2026 Orientering om avvikande vedtak i Gulen kommunestyre om NGIR sin selskapsavtale

Sak 3/2026 Orientering om avvikande vedtak i Gulen kommunestyre om NGIR sin selskapsavtale

Formannskapet - 29.01.2026

Handsaming:

Sakshandsamar Ketil Tjore gjorde greie for saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 3/2026 Orientering om avvikande vedtak i Gulen kommunestyre om NGIR sin selskapsavtale

Formannskapet - 29.01.2026

Formannskapet rår kommunestyret til å ta orienteringa til vitande.